Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 43

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Ting til legedom og vern mot sykdom.

Oppskr. av: Beta Lid

(adresse): Volda

Fylke: Hordaland

Herad: Voss

Bygdelag: Kvitli

Gard: Lid, övre

G.nr. 189 Br.nr. 2

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

„Ting til legedom og vern mot sykdom."

Det er lite eg veit om desse ting. I vår grend var det få som trudde på slikt.

A.) Ringar.

1. Eg har höyrt at folk gjekk med ringar til vern mot sjukdom. Det var mot gikt. Men også andre sjukdomar.

2). Det var anten gullringar, eller tambaksringar. Eg miner dei var glatte.

Tambaksringar var brukt til gifteringar av fatigfolk som ikkje hadde råd til å kosta seg gullringar, ikring hundreårsskiftet. I eldre tid gjekk dei heller utan ringar.

Tambak likna sylv, men var mörkare, utan glans. Slike ringar og gullringar gjekk sume med til vern.

E.) Öyreringar.

14) Nei, det har eg ikkje höyrt.

15) a) Dei eg har sett, var runde ringar, noko grame. Eller det var massive dobbar, (kalla „öyrnadoltar"). Dei hadde ikkje noko utsiringar eller steinar. „Ho gjekk med öyrnadoltar".

9220

b) Både ringane og dobbane (doltane) var av gull.

c) Ringane gjekk gjennom eit hol i øyreflippen. Ein kunne sjå dei svinga rundt i det. Nei, eg veit ikkje kven som stakk holet.

Doltane hadde ein grann gulltråd dei var feste i og denne tråden gjekk gjennom øyreflippen. Når den som bar dei risste på hovudet, dansa doltane som bjøllekolvar.

16. Dei hadde ringar, - og doltar, i båe øyro.

Det var ikkje bondekvinner eg såg hadde det. Men kvinner av dei "kondisjonerte" på Vossevangen, eller andre stader frå.

17. Eg hugsar serleg ei kvinna som me lika godt, og undråst på at ho kunne bry seg om slik stas. Då vart det svara, at det var for helseleot (lyv) ho bar dei. Då me spurde: Kva slag? Vart det svara: For høyrsla.

Men eg har òg høyrt at dei har brukt øyreringar, eller doltar, òg for andre sjukdomar. For synet, eller for indre sjukdomar, og for i hovudverk.

19. Ja! Eg har ikkje lærre ein, men fleire gonger høyrt at det vart gjeve til grunn.

20. d) Eit stykke rå potet i lomma, eller innsydd i kleda på den sida verken sat, har eg høyrt dei har brukt mot gikt. Dei har påstått at dei har vorte fri gikta av det.

22. Eg har berre høyrt dei har sagt: "Han (ho) brukte da te lyv." Eller: om øyreringar (doltar): "Ho bar dei fy lyv."

9220

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING